



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Møterom, Ulvik herad, møterom, sentrumsbygget
Dato: 24.02.2025
Klokkeslett: 18:00 – 21:30

Tilstades på møtet

Medlemer:

Atle Ulgenes, Stig Yngve Røkenes, Kåre Olai Solheim, Katrina Kvåle Hellesnes, Sjur Morten Rondestveit (vara for J. Sponheim)

Forfall: Johannes Sponheim

Referent/dagleg leiar: Ole Rune Røkenes

Saker:

01/25: Meldingar

02/25: Årsmelding 2024

03/25: Årsrekneskap 2024

04/25: Budsjett 2025

05/25: Aktivitetsplan 2025

06/25: Framlegg til villreinkvote på Hardangervidda, 2025

07/25: Retningslinjer, godtgjersle til styret

08/25: Orientering v/styreleiar

09/25: Orientering v/dagleg leiar

10/25: Eventuelt

Publisert: 04.03.2025

Underskrifter

Me stadfestar at møteboka er rett:

Atle Ulgenes/s/

Stig Yngve Røkenes/s/

Katrina Kvåle Hellesnes/s/

Kåre Olai Solheim/s/

Sjur Morten Rondestveit/s/

01/25: Meldingar

Saksdokument:

Postjournal:

2024

- 2024.28.10-001.5. Hardangervidda villreinutvalg - Referat frå møte i villreinutvalget, 8. oktober.
- 2024.06.11-012.1. Øvre Numedal fjellstyre - Møtebok frå møte i Øvre Numedal fjellstyre den 29.10.2024
- 2024.09.11-001.5. Villreinutvalet for Nordfjella - Møtebok frå styremøte den 4. november
- 2024.11.11-362.1. Statskog - Brev til Studio Dibs as (og Ulvik fjellstyre) vedr oppgradering av eldre hytte - K. T. Børsheim
- 2024.12.11-012.1. Røldal fjellstyre - Møtebok frå møte i Røldal fjellstyre den 22.10.2024
- 2024.13.11-434.4. Ulvik herad - Storurdi-Finse, skuterløyve des 2024 - apr 2025, inntil 3 turar. H. Gullhagen
- 2024.18.11-012.1. Ulvik fjellstyre - Møtebok frå møte i Ulvik fjellstyre den 24.10.2024
- 2024.20.11-622.0. Villreinutvalet for Nordfjella - Rapport frå Veterinærinstituttet om status cwd etter jakta 2024
- 2024.28.11-434.4. Ulvik herad - Skuterløyve ifm filminnspeling sør for Finse, 2 veker i februar 2025, Wild films.
- 2024.10.12-612.5. Hardangervidda villreinutvalg - Resultat av strukturtelling, oktober 2024.
- 2024.13.12-612.5. Hardangervidda villreinutval - Informasjon om gps-merking vinter 2025 og uttale frå villreinutvalet
- 2024.15.12-352.3. Statskog - Varsel frå DNT om remerking/revarding av turløypa Hallingskeid-Rembesdalsæter, sommar 2025
- 2024.18.12-352.3. Statskog - Varsel frå DNT om remerking/revarding av turløypa Finsehytta-Kjeldebu, sommar 2025
- 2024.18.12-012.1. Ullensvang fjellstyre - Møtebok frå møte i Ullensvang fjellstyre den 28.11.2024
- 2024.20.12-354.2. NVE - Tillatelse til Statnett til bygging av masterekke v/Langavatnet, Ulvik. Langs kv-ledning Sima-Samnanger

2025

- 2025.08.01-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport DNT, Viermyr Rembesdalen, vinter 2025 og 2026.
- 2025.09.01-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Storurdi-Finse, 2 turar, 2 skutrar. N. Lemme vinter 2025
- 2025.10.01-434.4. Ulvik fjellstyre - Uttale vedr Ulvik RKH sin øvingsplan 2025-2028
- 2025.13.01-434.4. Vest politidistrikt - Øvingsplan for område 4 Hordaland RKH 2024-2028
- 2025.15.01-642.2. Ullensvang fjellstyre - Rapport vedr omsetning av fellesfiskekortet 2024.
- 2025.16.01-363. Statskog - søknad frå Finse 1222 om oppføring av flyttbar badstu (vis a vis hotellet)
- 2025.28.01-363. Statskog - Tillatelse for Finse 1222 om oppføring av flyttbar badstu v/hotellet
- 2025.03.02-001.5. Hardangervidda villreinutval - Kvoteforslag villreinjakt, Hardangervidda 2025.
- 2025.03.02-612.5. Hardangervidda villreinutvalg - Forslag om fredingssoner på HV ifm jakta 2025
- 2025.06.02-36. Statskog - Krav om oppmåling av punktfeste til arealfester ved etablering av avløpsanlegg, Finse
- 2025.06.02-362.1. Statskog - vedr søknad om anlegging av VA-anlegg og framføring av straum, fnr 80, Ulvik SA - Kristian T. Børsheim

Saksutgreiing:

Orientering v/dagleg leiar om aktuelle saker sidan sist møte i fjellstyret 24.10.2024 og fram til dato for møteinnkalling.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Dagleg leiar orienterte om aktuelle saker sidan sist møte i fjellstyret 24.10.2024 og fram til dato for møteinnkalling.

Vedtak (sak 01/25):

Styret tok gjennomgangen til etterretning.

02/25: Årsmelding 2024

Saksdokument:

- Årsmelding 2024, Ulvik fjellstyre

Saksutgreiing:

Ein viser til vedlagt årsmelding for 2024.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre godkjenner årsmeldinga for 2024.

Referat:

Dagleg leiar gjekk gjennom årsmeldinga for 2024.

Vedtak (sak 02/25):

Styret godkjente årsmeldinga for 2024.

03/25: Årsrekneskap 2024

Saksdokument:

- Årsrekneskap 2024, Ulvik fjellstyre.

Saksutgreiing:

Årsrekneskap for 2024 ligg føre frå rekneskapsførar utan merknader. Frå rekneskapsåret 2024 er det ikkje lenger krav om revisor. Tidlegare avtale med revisor er sagt opp. Styret kan godkjenne rekneskapen slik den ligg føre. Årsrekneskapen for 2024 viser eit overskot på kr. 28 415,-.

Framlegg til vedtak:

Årsrekneskap for 2024 vert godkjent.

Referat:

Dagleg leiar gjekk gjennom Årsrekneskapen for 2024. Rekneskapet viser eit overskot på kr. 28 415,-. Fjellstyret har auka inntektene på jakt- og fiskekort. Inntekter på hytteutleige har også auka. Fjellstyret har ikkje fått tildelt eksterne midlar i 2024.

Vedtak (sak 03/25):

Styret godkjente Årsrekneskapen for 2024 utan merknader.

04/25: Budsjett for 2025

Saksdokument:

- Budsjett 2025.

Saksutgreiing:

Budsjettet er lagt fram med fylgjande føresetnader:

- Gjennomføring av småviltjakt i 2025 med tilsvarande kortsal som i 2024.
- Sal av villreinkort slik det ligg føre i kvoteforslag for jakta på Hardangervidda i 2025.
- Øvrige inntekter på same nivå som i 2024.
- Det er ikkje budsjettert med tildeling av eksterne midlar.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Dagleg leiar gjorde greie for framlegg til budsjett for 2025.

Vedtak (sak 04/25):

Styret godkjente budsjett for 2025, med fylgjande endringar:

- Midlar til utsett av fisk på Osafjellet vart auka til kr. 30 000,- (frå 20 000 til 30 000).
- Det vart sett av kr. 8 000,- i samband med gjennomføring av villmarksleir 08-10 august.

05/25: Aktivitetsplan 2025

Saksdokument:

- Aktivitetsplan 2025.

Saksutgreiing:

Ein viser til vedlagt aktivitetsplan for 2025. Timetal for feltarbeid og administrativ drift av fjellstyret er i tråd med vedteke budsjett for Ulvik fjellstyre sitt driftsinnskot til Fjellstyra på Hardangervidda as for 2025. Aktivitetsplan er ikkje låst, og det kan kome endringar. Viktige områder som fjellstyret har peika ut med tanke på småvilt- og fiskeoppsyn, vert prioritert. Det vert gjennomført tynnefiske/prøvefiske i Søre Grøndalsvatnet. Det vert gjennomført oppgradering av Rundavassbu etter nærare plan og søknad om midlar. Gjennomføring av arbeid på Rundavassbu er avhengig av tildeling av eksterne midlar.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre godkjenner Aktivitetsplan for 2025.

Referat:

Dagleg leiar gjekk gjennom Aktivitetsplan for 2025.

Vedtak (sak 05/25):

Styret godkjente Aktivitetsplan for 2025 utan merknader.

06/25: Framlegg til villreinkvote på Hardangervidda, 2025

Saksdokument:

- Hardangervidda villreinutval, Høyring på forslag til kvote og tiltak 2025.

Saksutgreiing:

Hardangervidda villreinutval la den 3. februar fram framlegg til kvote ifm jakta på Hardangervidda i 2025. Frist for høyringsuttale frå valda ser sett til 14. mars.

Anbefaling kvote, korttype og tiltak:

- *Total kvote på 3.000 dyr.*
- *Kvoten tildeles med følgende korttyper; 2.500 stk. «voksen bukk 2,5 år og eldre», 250 stk. «kalv» og 250 stk. «valgfritt dyr».*
- *Alle vald henstilles til å prioritere korttypene «kalv» og «valgfritt dyr» til ungdom og førstegangsjegere.*
- *Alle jegere henstilles til å forsøke å felle små kalver og små simler.*
- *Jakttid fra og med 20. august til og med 21. september.*
- *Dyreposisjoner gjøres tilgjengelig med 3 dagers forsinkelse.*
- *Videreføre ordningen der det dispenseres fra kravet om skriftlige fellesjaktavtaler, jf. hjorteviltforskriften § 31.*
- *Videreføre fungerende fredningssoner og vurder nye fredningssoner i andre områder.*

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Styreleiar (som og er medlem av villreinutvalet) gjekk gjennom framlagt kvoteforslag.

Vedtak (sak 06/25):

Styret meiner at kvoteforslaget er godt begrunna i høve rådande situasjon på Hardangervidda. Styret stiller seg bak kvoteforslaget slik det ligg føre. Dagleg leiar sender skriftleg tilbakemelding til villreinutvalet.

07/25: Retningslinjer, godtgjersle til styret

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre har pr i dag praksis på utbetaling av møtegodtgjersle til styremedlemmer i samband med fjellstyremøter og eksterne møter i regi fjellstyret. Deltaking i villreinutvalet på Hardangervidda og Nordfjella (med unntak av årsmøte) vert dekkja av utvala sjølv. Fjellstyret brukar Ulvik herad sine møtesatsar (iht gjeldande forskrift). Desse er kr. 720,- for møter inntil 4 timar, og kr. 1 005,- for møter over 4 timar. Ulvik fjellstyre ynskjer å utarbeide skriftlege retningslinjer for godtgjersle til styremedlemmer. Dagleg leiar set opp framlegg til retningslinjer til neste styremøte.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Saka vart drøfta. Fjellstyret har vedtak på at ein fylgjer til ei kvar tid gjeldande møtesatsar som framkjem i «Forskrift om folkevalde si rett til godtgjersle og velferdsgode, Ulvik herad».

Vedtak (sak 07/25):

Dagleg leiar set opp framlegg til skriftlege retningslinjer til neste styremøte den 27.05.2025.

08/25: Orientering v/styreleiar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Styreleiar orienterte.

- Villmarksleir for ungdom 08-10 august 2025 som er under planlegging. Planlagt stad er i Osa, Ulvik. Leiren er eit samarbeid mellom Ulvik fjellstyre, Eidfjord fjellstyre, lag og organisasjonar og Hardangervidda fjelloppsyn. Det er søkt om midlar til gjennomføringa. Styremedlemer stiller seg positive til å bidra, med forbehold om dette er i ferietida.
- Styreleiar deltek på møte den 25.02 på Finse i samband med planlegging av Skarverennet 2025.

Vedtak (sak 08/25):

Styret tok orienteringa til etterretning.

09/25: Orientering v/dagleg leiar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Dagleg leiar orienterte.

Møteplan 2025:

- Framlagt, revidert og godkjent. Vert sendt ut i revidert versjon.

Revisjon:

- Avtale med revisor er sagt opp, ihht regelendring frå 01.01.2024.

Søknader:

- Grunneigarfondet v/Statskog. Frist 28.02.
- Sparebankstiftinga Hardanger. Frist 31.03.
- Vestland fylkeskommune, fiskekultivering. Frist 16.03.

Hytter:

- Rundavassbu, planlagt istandsetjing.
- Beisearbeid Dyrahola.
- Utbetring av båt i Dyrahola.
- Tilsyn Finsebu.

Saker:

- Brev til Ulvik herad frå Statskog om oppmåling av festetomter på Finse.
- Planar om etablering av badstu, Hotel 1222, Finse.
- Øvingsplan for Ulvik Røde kors hjelpekorps, 2025-2027.

Prisrammer, jakt og fiske:

- Nye prisrammer gjeldande i 2025.

Møter:

- Vår møte laurdag 29. mars, Hotel Ullensvang, Lofthus. Styremedlemmer kan melde seg på ref. invitasjon frå Hardangervidda villreinutvalg.

Vedtak (sak 09/25):

Styret tok orienteringa til etterretning.

10/25: Eventuelt

Stig Y. Røkenes som sit i Villreinutvalet for Nordfjella, orienterte om mulig freding i Nordfjella villreinområde Sone 2, hausten 2025. I samband med oppstart av reetablering av villrein i Sone 1, kan det verta aktuelt med freding i Sone 2 dersom reetableringa vert starta opp i år. Pr no er dette for tidleg å seie, beslutninga er ikkje teke. Ved eit eventuelt fredingsvedtak i Sone 2, vil det også verta vanskeleg å gjennomføra jakt på Osafjellet HA291, sør for Rallarvegen. Dette lyt fjellstyret ta endeleg stilling til når ei beslutning er teke i saka.